



## Møtereferat

**Utval:** Fitjar sokneråd  
**Møtestad:** Teams  
**Dato:** Torsdag 18.02.2021  
**Tid:** Kl. 18.30  
**Ord for dagen:** Anne Marie

### Innkallinga er sendt til:

		Møtte	Møtte ikkje
Svein Lunde	leiar	x	
Wenche Andersen Helland	nestleiar	x	
Sigrid Marie Fangel	skrivar		x
Tom Rydland	medlem	x	
Anne Marie Røed	medlem	x	
Herman Inge Aadland	medlem	x	
Håkon Rydland Sæbø	medlem	x	
Aase Rygg H. Nøttveit	medlem	x	
Roald Drønen	sokneprest	x	
Sigurd Andre Maraas	kommunal representant	x	
Jostein Skram	1. vara		x
Karin Maria Korsvik	2. vara	x	
Magnor Tverderøy	3. vara		x
Hilda Gloppen	4. vara		x
Jan Ottar Wiik	5. vara		x
Svein Arne Theodorsen	vara for sokneprest		x
Jan Overweg	kyrkjeverje	x	

## Sakliste:

SAK	ARKIVKODE	TITTEL	KOMM REPR
2021/09	012.1	Godkjenning av innkalling og sakliste	x
2021/10	012.1	Godkjenning av møtereferat frå soknerådsmøte 28.01.2021	x
2021/11		Orientering frå kyrkjeverja om arbeidet i soknet	x
2021/12		Konfirmasjonsgudstenester 2021	
2021/13		Årshjulet	
2021/14		Open post	
2021/15		Uttale til val av tomt for kommunal barnehage i Fitjar	

### Sak 2021/09 012.1 Godkjenning av innkalling og sakliste

#### Framlegg til vedtak:

Innkalling og saklister godkjent

#### Vedtak:

Sak om uttale til val av tomt for kommunal barnehage vert lagt til i saklista.

### Sak 2021/10 012.1 Referat frå sist møte

Referatet frå møte den 28. januar 2021 har medlemene fått tilsendt og godkjent tidlegare.

#### Vedtak:

Soknerådet stadfester referatet frå møte den 28. januar 2021.

### Sak 2021/11 Orientering frå kyrkjeverja om arbeidet i soknet

Kyrkjeverje legg fram ei orientering om arbeidet i soknet sidan sist møte.

- Her vart det også orientert om oppdatert status for smittevernet
- Roald orienterte om at Helgatonweekend bør bli avlyst. Påmeldte får melding.
- Styrar i Bakken barnehage Torunn Aarskog sluttar som leiar hausten 2021
- Eli Simonsen har teke på seg ansvar for opa kyrkje - torsdagar frå 19-21 fram til påske.
- Arbeidsutvalet møter prosten for å førebu eit soknerådsmøte i april/mai om bispevisitasen.

#### Framlegg til vedtak:

Soknerådet takkar for orienteringa og tek den til vitande

|

### **Sak 2021/12 Konfirmasjonsgudstenester i 2021**

I 2020 vart konfirmasjonsgudstenestene utsatt til hausten på grunn av pandemien. Konfirmantane blei fordelt på 4 gudstenester i byrjinga av september, der 100 var til stades i kyrkjerommet. Biskopene har oppfordra oss å vurdera å utsetja årets konfirmasjonsgudstenester også. Korleis smittesituasjonen er i mai eller september, og kor mange som vil kunne samlast i kyrkja og heimen, veit me ingenting om per i dag. Staben har undersøkt moglegheit for konfirmasjon i kulturhuset, og har også spurt konfirmantforeldrene om kva dei meiner i saka. Grunnlag for avgjerd kan sjå ut til å endra seg frå dag til dag, men soknerådet bør gjera eit vedtak for å kunna gje konfirmantforeldrene moglegheit til planleggja konfirmasjonen. Staben vil leggja fram siste vurdering i møtet.

#### **Framlegg til vedtak:**

Soknerådet legg til grunn vurderinga frå stab, og gjer vedtak

a. om å gjennomføra konfirmasjonsgudstenestene i mai som planlagt

b. om å utsetja konfirmasjonsgudstenestene til september

Avhengig av kor mange som kan samlast i kyrkjerommet etter smittevernreglane, kan staben om naudsynt vurdera å leggja gudstenestene til kulturhuset.

#### **Vedtak:**

Soknerådet støttar forslaget frå staben og gjer vedtak om å gjennomføra konfirmasjon av årets konfirmantar 8. og 9. mai 2021. Om det ikkje vert mogleg å gjennomføra konfirmasjon i mai blir det utsett til 4. og 5. september 2021. Kulturhuset kan eventuelt brukast til konfirmasjonsgudstenestene.

### **Sak 2021/13 Årshjulet - kyrkja under pandemien**

Smittevernreglane oppfordrar oss til å utsetja eller avlysa mykje av tiltaka. Det gjer at planlegging av dei faste arrangement i årshjulet er krevjande. Soknerådet bør drøfta korleis årsmøtet, kyrkjelydsfesten og eventuelt andre arrangement kan gjennomførast. I denne samanhengen bør ein vurdera bruk av kulturhuset, eventuelt også til nokre gudstenester. På grunn av regelen om fastmonterte seter er det her mogleg å invitara fleire.

#### **Framlegg til vedtak:**

Det vert ikkje lagt fram tilråding i saka

#### **Vedtak:**

Årsmøtet vert gjennomført etter ei gudsteneste i april. Om det er mogleg å samla fleire vil ein gjennomføra gudstenesta og årsmøtet i kulturhuset. Den årlege kyrkjelydsfesten vert lagt til bispevisitasveka i desember. Årshjulet vert handsama vidare på neste fysiske møte.

### **Sak 2021/14 Open post**

Ingen saker under open post

### **Sak 2021/15 Uttale til val av tomt for kommunal barnehage i Fitjar**

Styret i i Fitjar soknerådsbarnehage og Fitjar sokneråd er - som eigar av Bakken barnehage - blitt kjent med vedtaket i Utval for oppvekst og omsorg frå 10.02.2021. Utvalet tilrår å leggja den nye

|

kommunale barnehagen til tomt i Rosneset. Forslag til felles uttale, der ein argumenterer mot etablering av kommunal barnehage i området Rosneset, er lagt fram i møtet. Brevet vart diskutert i møtet og ein vart einig om endringar i fråsegna.

**Vedtak:**

Soknerådet sender ei fellesuttale med barnehagestyret til kommunestyret - med dei endringane ein vart einig om.

Jan Overweg, referent

|